

Volda kommune



Politisk organisering

Ordfører Jørgen Amdam

10.11.2015

Kva er ein kommune?

- Eit geografisk område med innbyggjarar – minste politiske valnivå ...
- Den Skandinaviske kommunen – velferdsstatens tenar?
- Den Europeiske kommunen – veg, vatn og kloakk – den tekniske og politiske kommunen?
- Kommunestruktur – avhengig av oppgåver og geografi og



STYRE, RÅD, NEMNDER OG UTVAL

I Volda kommune er oppretta følgjande faste styre og utval:

- Formannskap
- Driftsstyre
- Forvaltningsstyre
- Administrasjonsutval
- Forhandlingsutval
- Råd for funksjonshemma
- Ungdomsråd
- Skatteutval
- Valnemnd
- Kommunal byggenemnd

Vidare skal kommunen ha følgjande lovpålagde nemnder:

- Kontrollutvalet (kommunelova)
- Klagenemnd (Kommunestyret/forvaltningslova)
- Eldrerådet (lov om eldreråd)
- Valstyret med røystestyra (vallova)
- Overformynderi (vergemålslova)
- Forstandarar i Volda og Ørsta sparebank (sparebanklova)
- Kommunestyret oppnemner *prosjektnemnder* etter behov. Kommunestyret gjev prosjektnemndene klare mandat og tidsfristar for arbeidet. Prosjektnemndene rapporterer til kommunestyret.
- Prosjektnemndene skal ha godtgjerse for sitt arbeid etter vanlege satsar.

KOMMUNESTYRET –ARBEIDSOMRÅDE

Sist: Volda kommunestyre 12.5.2011, sak 45/11.

Kommunestyret er det øvste kommunale organet og gjer vedtak på vegner av kommunen så langt ikkje anna følgjer av lov eller delegeringsvedtak.

Følgjande avgjerder kan etter kommunelova ikkje delegerast til andre:

- Endre medlemstalet i kommunestyret (§7)
- Opprette/legge ned (omorganisere) og velje medlemmer til faste utval, samt fastsetje områda for desse utvala si verksemd (§ 10)
- Vedta reglement for møtegodtgjerse m.m. (§§41, 42 og 43).
- Tilsetje rådmann (§ 22).
- Vedta økonomiplan og årsbudsjett (§§ 44 og 45).
- Tiltak, som vil medføre auka utgifter/inntekter utover vedteke budsjett, og som vil ha verknad for budsjetta i åra framover.
- Fastsetje prisar og salsvilkår for tomter i kommunale byggefelt.
- Å nytte kontantmidelen til finansiering.

Følgjande avgjerder etter kommunelova vert ikkje delegerte til andre:

- Å vedta kommuneplan (§ 5) og andre overordna planar.
- Å handsame søknadar om fritak frå kommunale verv (§ 15).
- Å gjere vedtak om låneopptak (§ 50).
- Å vedta kommunal garanti for andre sine låneopptak (§ 51).

Andre saker:

- Kommunestyret gjer vedtak i dei sakene som etter særlovene ikkje kan delegerast til andre.
- Kommunestyret fastset alle kommunale avgifts- og betalingsattsar sjølv.
- Kommunestyret fastset beløp pr. biloppstillingsplass ved frikjøp.
- Kommunestyret fastset alle kommunale vedtekter sjølv.
- Kommunestyret har hovudansvaret for likestillingsaspektet og for å påsjå at dette vert følgt opp.
- Kommunestyret har sjølv det politiske ansvaret for prosjektet God Helse.
- Kommunestyret beheld avgjerdsmynde som kan delegerast, når delegeringsvedtak ikkje er gjort.
- Kommunestyret er klageinstans ved klage på saker Forvaltningsstyret, Driftsstyret og/eller formannskapet har handsama.
- Kommunestyret har rådgjevande rett i alle saker det ikkje har fullmakt til å avgjere innafor sitt ansvars- og arbeidsområde, og har plikt til å uttale seg, når overordna organ bed om det.

MØTA I KOMMUNESTYRET



- Kommunestyret gjer vedtak i møte.
- Møta i kommunestyret er opne, jfr. kommunelova § 31.
- **Kommunestyret skal ha møte når ordføraren finn det turvande, eller når minst 1/3 av medlemene krev det. Det blir utarbeidd møteplan for kvart år.**
- Ordføraren kallar kommunestyret saman til møte. I innkallinga skal det stå opplysning om kva tid og kvar helst møtet skal vere, oppgåve over dei sakene som skal handsamast og melding om kvar saksdokumenta er utlagde, til vanleg i rådhusvestibulen og folkebiblioteket.
- **Innkalling til møte skal til vanleg vere skriftleg og sendt minst 7 dagar før vedkomande møte skal haldast.** Saksdokumenta skal sendast medlemmer og varamedlemmer etter nærare vedtak.
- **Kommunestyret er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades.**
- På det konstituerande møtet må 2/3 av medlemene vere til stades for at kommunestyret er vedtaksført.
- **Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal. Dersom røystetala står likt, er røysta til ordføraren avgjerande, bortsett frå ved val.**
- Kommunestyret kan med vanleg fleirtal vedta å utsetje realitetshandsaminga av ei sak som er sett på saklista.
- Det kan også gjere vedtak i saker som ikkje står på saklista, dersom ikkje møteleiaren eller 1/3 av dei møtande medlemene set seg i mot det.
- Rådmannen har møteplikt og talerett. Forslagsrett har berre dei som er valde medlemmer.
- Det skal førast møtebok. Utskrift av møteboka skal sendast alle som får tilsendt innkalling til møta.

SAKSHANDSAMING

- Rådmannen er ansvarleg for at sakene er forsvarleg utgreidde, sjå kommunelova § 23 nr. 2.
- Kommunestyret arbeider etter prinsippet om fullført sakshandsaming - dvs. at alle saker skal vere førebudde for endeleg vedtak.
- Formannskapet, Driftsstyret, Forvaltningsstyret og Valnemnda gir tilråding direkte til kommunestyret innan sine saksområde, i saker der kommunestyret gjer endeleg vedtak.
- Unntak frå dette er sakene om årsbudsjett, budsjettendring, økonomiplan og skattevedtak, der formannskapet alltid innstiller til kommunestyret.

Ordførar

- Fremste politiske verv
- Initiativtakar og utviklar – lobbyist – brannsløkkar
- Samarbeid – internt og eksternt – inkluderande
- Møteleiar – kommunestyre – formannsskap – kan delta på "alle" formelle politiske møte – talerett – forslagsrett
- Rett – til å bli invitert, til å lage møteplan, til å møte folk, til gode arbeidsvilkår
- Plikt – til å møte opp, til å vite alt og til å vere eksempel for andre



Organisasjonsjustering 2014

MELDING OM POLITISK VEDTAK - POLITISK ORGANISERING - ENDRING

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 24.09.14, hadde føre ovannemnde som sak PS 126/14, der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kommunestyret vedtek følgjande formål og oppgåvedeling for dei politiske utvala:*

2. *Alle tre utvala har likeverdig innstillingsrett, bortsett frå at driftsstyret og forvaltningsstyret ikkje har slik innstillingsrett i budsjett- og økonomisaker.*

Formannskapet – 9 medlemmer

<i>Utval</i>	<i>Formål</i>	<i>Hovudoppgåver/saksområde</i>
<i>Formannskapet</i>	<i>Strategisk utvikling</i>	<i>Samfunnsplanar Arealplanar Økonomisk planlegging og økonomisk styring Beredsskap og ROS-analyse Næring Kjøp og sal av eigedomar Byggje- og anleggsprosjekt Infrastruktur og samferdsel Arbeidsgjevarstrategi</i>

Viktigaste politiske organet etter kommunestyret – politisk verkstad
Samansetning – utgår av kommunestyret 9 av 27 – representativt (ikkje råd)
Leia av ordførar/varaordførar

DEN FREMSTE POLITISKE VERKSTADEN I KOMMUNEN – VISJONAR, STRATEGIAR ..

ARBEIDSSOMRÅDE

Formannskapet har følgjande ansvarsområde (jfr. kommunestyrevedtak sak nr. 86/06 og 45/11):

- Finansutval – fremjar innstilling til kommunestyret i saker som gjeld årsmelding, rekneskap, budsjett, økonomiplan, skattevedtak og budsjettendringar (Kommunelova).
- Oppfølging av saker i tråd med vedteken organisasjonsplan
- Valstyre (Vallova)
- Klagenemnd
- Beredskap (Beredskapslova)
- Hastesaker (Kommunelova § 13)
- Oppfølging av personalpolitiske retningslinjer (Arbeidsmiljølova)
- Vedta lokale avtalar med arbeidstakarorganisasjonar
- Plansaker etter plan- og bygningslova (som ikkje er delegert til forvaltningsstyret)
- Nærings saker, herunder fondsstyre Næringsfondet (Industrikonsesjonslova, Serveringslova)
- Andre oppgåver som ikkje er lagt til andre styre – ad hoc saker

Formannskapet skal i sitt arbeid vurdere

- likestilling mellom kvinner og menn
- likestilling mellom etniske minoritetar og majoriteten

MØTA I FORMANNSKAPET

- **Møta i formannskapet er opne**, dersom ikkje anna følgjer av lovfeste teieplikt, eller andre omsyn, som er omtalt i kommunelova § 31.
- Formannskapet skal ha møte når ordføraren finn det turvande, eller når minst 1/3 av medlemene krev det. Det blir utarbeidd møteplan for kvart år.
- **Innkalling til møte skal til vanleg vere skriftleg og vere sendt minst 5 dagar før møtet skal haldast.**
- Saksdokumenta skal sendast medlemmer og varamedlemer etter nærare vedtak, samt andre med møterett.
- Når formannskapet innstiller direkte til kommunestyret, skal sakene samlast i eit eige sett og sendast samtidig til medlemmer/varamedlemer i kommunestyret.
- Det er høve for publikum til å tinge saksdokumenta.
- **Formannskapet er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades.**
- **Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal. Dersom røystetala står likt, er røysta til ordføraren avgjerande, bortsett frå ved val.**
- Formannskapet kan med vanleg fleirtal vedta å utsetje realitetshandsaminga av ei sak som er sett på saklista.
- Formannskapet kan gjere vedtak i saker som ikkje står på saklista, dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av dei møtande medlemene set seg i mot det.
- Rådmannen har møteplikt og talerett.
- Barnerepresentanten møter med særleg ansvar for å ivareta barn sine interesser når formannskapet handsamar saker etter plan- og bygningslova, plandelen. Sjå elles egne retningslinjer i vedlegg til dette reglementet.
- Forslagsrett har berre dei som er valde medlemmer.

SAKSHANDSAMING

- Rådmannen er ansvarleg for at sakene er forsvarleg utgreidde, (sjå kommunelova § 23 nr. 2).
- Alle saker skal vere førebudde for endeleg vedtak.
- Formannskapet innstiller direkte til kommunestyret innan sitt arbeidsområde, i saker der kommunestyret gjer endeleg vedtak.
- I tillegg innstiller formannskapet til kommunestyret når det gjeld årsbudsjett, budsjettendringar, økonomiplan og skattevedtak.

DRIFTSSTYRET – 9 MEDLEMMER

<i>Driftsstyret</i>	<i>Tenesteyting og tenesteutvikling</i>	<i>Sektorplanar/temaplanar Analyse av tenestene Driftsrapportar Prinsipielle saker om tenesteyting Forvaltning, drift og vedlikehald av eigedomar</i>
---------------------	-----------------------------------------	-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

OMFATTAR ALL DRIFT – SVÆRT STORT KONTROLLSPENN

Driftsstyret har 9 medlemmer med varamedlemer valde av kommunestyret. Minst 5 medlemmer bør vere kommunestyremedlemer. Kommunestyret vel leiar og nestleiar, som begge skal vere medlemmer i kommunestyret. Vala gjeld for den kommunale valperioden.

Driftsstyret har følgjande ansvarsområde:
Handsaming av alle saker, som ikkje er definerte som forvaltningssaker (sjå reglementet for forvaltningsstyret). Driftsstyret har avgjerdsmynde i slike saker, så langt avgjerdsmyndet ikkje er lagt til: Kommunestyret eller formannskapet, er delegert til rådmannen, eller i særlov er lagt til anna mynde i kommunen.

Oppgaver driftsstyre

Driftsstyret skal uttale seg til formannskapet om økonomiplan- og budsjettforslag for sine ansvarsområde, før formannskapet fremjer innstilling til kommunestyret.

Driftsstyret skal arbeide med dei sakene som ligg innanfor arbeidsområdet, og som omfattar:

- Fremjing av forslag til driftstiltak i årsbudsjett- og økonomiplanperioden, med unntak for drift av bygg og anlegg (kommunale eigedomar) som ligg under Forvaltningsstyret.
- Sjå til månadleg økonomirapportering i samsvar med budsjett og økonomireglement
- Politisk ansvar for alle tiltak i driftsbudsjettet, med unntak for drift av bygg og anlegg som ligg under Forvaltningsstyret.
- Rett til å kome med innspel i budsjett- og økonomiplanprosessane.
- Høve til å endre årsbudsjettet innafør styret sitt ansvarsområde, dersom det kan gjerast innafør den ramma kommunestyret har fastsett- f.t. inntil 100. 000 kr.
- Å gjere vedtak i alle kommunalpolitiske saker, som gjeld driftstiltak og kommunen si forretningsverksemd, når avgjerdsmynde ikkje er lagt til andre. Har vedtaket direkte konsekvensar for omfanget av kommunen sin tenesteproduksjon og/eller økonomiske konsekvensar, som ikkje er planlagte i årsbudsjett og/eller økonomiplan, fremjer driftsstyret innstilling til formannskapet.

Styret skal i sitt arbeid vurdere

- likestilling mellom kvinner og menn
- likestilling mellom etniske minoritetar og majoriteten
- likestilling mellom funksjonsfriske og personar med nedsette funksjonar

**MANGLANDE KOPLING MELLOM POLITISK OG ADMINISTRATIV ORGANISERING?
BØR DET DELAST I TO – OPPVEKST OG OMSORG?**

FORVALTNINGSSTYRET – 9 MEDLEMMER

<i>Forvaltningsstyret</i>	<i>Myndigheitsforvaltning</i>	<i>Enkelt saker innanfor landbruk, arealdisponering, dispensasjonar, byggjeløyve, matrikkel, brann, motorferdsel, beviljingar, lokalt vegmynde, forureining, vatn og avløp, hamn og farvatn Klagehandsaming i saker etter plan- og bygningslova, jordlova og konsesjonslova.</i>
---------------------------	-------------------------------	----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Forvaltningsstyret har 9 medlemmer med varamedlemmer valde av kommunestyret.

Minst 5 medlemmer bør vere kommunestyremedlemmer.

Kommunestyret vel leiar og nestleiar, som begge skal vere medlemmer i kommunestyret.

Vala gjeld for den kommunale valperioden.

ARBEIDSOMRÅDE

Forvaltningsstyret har følgjande arbeidsområde:

- Handsaming av alle saker, der kommunen kan påleggje einskildpersonar, foretak eller grupper plikter eller gje einskildpersonar, foretak eller grupper rettar med heimel i lov.
- Forvaltningsstyret har avgjerdsmynde i slike saker, så langt avgjerdsmyndet ikkje er lagt til; Kommunestyret eller formannskapet, er delegert til rådmannen, eller i særlov er lagt til anna mynde i kommunen.
- Forvaltningsstyret skal uttale seg til formannskapet om økonomiplan- og budsjettforslag for sine ansvarsområde, før formannskapet fremjer innstilling til kommunestyret.

ARBEIDSOMRÅDE

Forvaltningsstyret skal arbeide med dei sakene som ligg innanfor arbeidsområdet, og som omfattar:

- Fremjing av forslag til investeringstiltak i årsbudsjett- og økonomiplanperioden
- Politisk ansvar for alle tiltak i investeringsbudsjettet
- Fremjing av driftsbudsjettforslag for kommunen sine bygg og anlegg som ligg under Forvaltningsstyret sitt område
- Politisk ansvar for vedlikehald og tilsyn med kommunen sine eigedomar (bygg og anlegg) innanfor Forvaltningsstyret sitt område
- Rett til å kome med innspel i budsjett- og økonomiplanprosessane
- Høve til å endre årsbudsjettet innafor styret sitt ansvarsområde, dersom det kan gjerast innafor den ramma kommunestyret har fastsett, f.t.– inntil 100 000 kr.
- Å gjere vedtak i alle kommunalpolitiske saker, som gjeld private personar og/eller private rettssubjekt sine rettar og plikter, som t.d. forvaltning av jordlova. Har vedtaket direkte konsekvensar for omfanget av kommunen sin tenesteproduksjon og/eller økonomiske konsekvensar, som ikkje er planlagte i årsbudsjett og/eller økonomiplan, fremjer Forvaltningsstyret innstilling til formannskapet.
- Forvaltningsstyret har ansvar for arbeidsoppgåvene til tidlegare Vilt- og innlandsfiskenemnda.

Følgjande mynde etter plandelen i ny plan og bygningslov vert delegert til forvaltningsstyret:

- §12-14 - andre avsnitt. Mindre vesentleg reguleringsendring.
- §13-1 - Mellombels bygge og deleforbod.
- §19-4- dispensasjonsmynde

Styret skal i sitt arbeid vurdere

- likestilling mellom kvinner og menn
- likestilling mellom etniske minoritetar og majoriteten
- likestilling mellom funksjonsfriske og personar med nedsette funksjonar

BYGGJENEMND – 5 MEDLEMMER

- 3. Byggjenemnda vert etter kommunelovgjevinga endra til eit reint politisk organ. Byggjenemnda skal ha 5 medlemmer med varamedlemmer. Desse vert valt av kommunestyret og nemnda sorterer direkte under formannskapet. Byggjenemnda styrer prosessane med planlegging og gjennomføring av byggjeprojekt og koplår inn brukarar, fagpersonar mv.*

ANDRE VEDTAK:

- 4. Delegeringsfullmakter tilpassa strukturendringane skal leggjast fram for kommunestyret for godskjenning.*
- 5. Volda kommune praktiserer forvaltningslova sin normale saksgang via underinstans til fylkesmannen som klageinstans ved klagesaker utløyst etter særlov.*

Volda kommune praktiserer forvaltningslova sin normale saksgang gjennom underinstans til fylkesmannen for saker som vert handsama etter særlov. Dette gjeld ikkje for saker etter plan- og bygningslova, jordlova og konsesjonslova der klagen skal handsamast i forvaltningsstyret før klagen går vidare til fylkesmannen.
- 6. Klagenemnda i klientsaker ved lagt ned.*

ADMINISTRASJONSUTVALET

Administrasjonsutvalet skal ha 7 medlemmer med varamedlemmer:

- 5 valde av kommunestyret blant medlemene i formannskapet. Kommunestyret vel og leiar og nestleiar blant desse.
- Valet gjeld for den kommunale valperioden.
- 2 utpeika etter prinsippet om høvetalsval av og blant arbeidstakarorganisasjonane, jfr. Hovudavtalen § 13-1 b.
- Valet gjeld for 2 år om gongen.

KONTROLLUTVALET

- Kontrollutvalet har 7 medlemmer med varamedlemmer valde av kommunestyret.
- Minst ein representant bør vere medlem av kommunestyret for å få gjennomgåande representasjon til kommunestyret. Representanten som vert valt til revisjonsstyret bør vere leiar av kontrollutvalet.

Utelukka frå val er:

- ordførar
- varaordførar
- medlem og varamedlem av formannskapet
- medlem og varamedlem av kommunal nemnd med avgjerdsmynde
- tilsette i kommunen, herunder også lærarar i grunnskulen.

Kommunestyret vel leiar og nestleiar.

Vala gjeld for den kommunale valperioden.

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret stå føre det løpande tilsynet med forvaltninga i kommunen. Kontrollutvalet skal sjå til at revisjonen fungerer på ein forsvarleg måte.